



NVE

NVE arbeider no med å forbetre kraftsituasjonsrapporten

Vil du bidra? Del innspela dine her:

<https://forms.office.com/e/gncz7DbUMZ?origin=lprLink>

Kraftsituasjonen veke 32, 2026

Auka magasinfylling og framleis balansert kraftutveksling i sørlege Noreg

Førre veke gjekk magasinfyllinga opp i alle dei norske budområda mellom anna grunna meir tilsig enn veka før. Trass auken var fyllingsgraden i sørlege Noreg (NO1, NO2 og NO5) og Midt-Noreg (NO3) framleis på et lågt nivå for årstida. Kraftprisane i Noreg var om lag på nivå med veka før, med unntak av Vest-Noreg (NO5), der prisen gjekk ned. Meir vindkraft og lågare priser i Storbritannia enn veka før bidrog til redusert nettoeksport av kraft frå Sørvest-Noreg (NO2). Samla for veka hadde sørlege Noreg omtrent like mykje import som eksport.

Auka magasinfylling

Det var oppgang i magasinfyllinga i alle dei norske budområda førre veke. I sørlege Noreg (NO1, NO2 og NO5) var årsaka mellom anna godt med tilsig til vassmagasina som følgje av mykje nedbør dei siste vekene. Trass høgare tilsig i sørlege Noreg, har vasskraftproduksjon halde seg omlag på same nivå dei siste vekene. Det er likevel noko variasjon mellom budområda. I Sørvest-Noreg (NO2) var det ein viss nedgang samanlikna med veka før. I tillegg til fleire periodar med låge kraftprisar var Noregs største vasskraftverk, Tonstad (960 MW), ute til planlagt vedlikehald førre veke.

Sjølv om vassmagasina hadde høgare fyllingsgrad enn veka før, ligger nivåa i sørlege Noreg og Midt-Noreg framleis historisk lågt for årstida.

I eit vêrbasert kraftsystem som det norske, er det normalt at ressursituasjonen i vassmagasina varierer. Sjølv om fyllingsgraden har gått noko opp dei siste to vekene, kan det kome veker framover med nedgang i fyllingsgraden. Skiftande nedbør og tilsigstilhøve vil gje variasjonar i magasinfyllinga gjennom hausten.

Førre veke publiserte NVE ei eiga nyheitssak om kraftsituasjonen som kan lesast her:

[Viktig at kraftprodusentene tar hensyn til forsyningssikkerheten - NVE](#)

Nøkkeltal for veka

Kraftprisar (gjennomsnitt for veka):

- Sørøst-Noreg (NO1): 118 øre/kWh (+2 øre/kWh frå veke 31)
- Sørvest-Noreg (NO2): 125 øre/kWh (+1 øre/kWh frå veke 31)
- Midt-Noreg (NO3): 78 øre/kWh (-1 øre/kWh frå veke 31)
- Nord-Noreg (NO4): 6 øre/kWh (-1 øre/kWh frå veke 31)
- Vest-Noreg (NO5): 114 øre/kWh (-6 øre/kWh frå veke 31)

Kraftprisane på nivå med veka før

Dei gjennomsnittlege kraftprisane i Noreg var tilnærma uendra frå veka før med unntak av Vest-Noreg (NO5). Her gjekk vekesnittet ned med 6 øre/kWh. Mykje tilsig til vassmagasina er ein viktig årsak til nedgangen.

Balansert kraftutveksling mellom sørlege Noreg og naboområdet

Framleis mykje vindkraftproduksjon for årstida kombinert med høg solkraftproduksjon har bidrege til å halde prisane i store delar av Norden og på kontinentet på same nivå som veka før. Høgare vindkraftproduksjon i Storbritannia ga noko lågare priser der, og det var færre timar med eksport frå Noreg. Sørlege Noreg hadde om lag balansert kraftutveksling også førre veke, og enda med ein marginal nettoimport.

Varmt vêr og låg vassføring i fleire europeiske elvar

Som følge av varme og tørke på kontinentet har vassføringa i fleire europeiske elvar vore låg den siste tida. Det har medverka til utfordringar med kjøling og dermed til dels lågare kraftproduksjon frå termiske kraftverk. Kor mykje dette verkar inn på kraftprisane i Europa, kan variere frå veke til veke. Verknaden vil mellom anna avhenge av kor omfattande produksjonsavgrensingane blir, og kor ofte termiske kraftverk set prisnivået. Termiske kraftverk set ofte kraftprisen når det er høg etterspurnad, samstundes som det er låg kraftproduksjon frå sol- og vindkraftproduksjon.

Merknad

Det manglar data for kraftproduksjon og -forbruk i Finland for tre timar 28.juli. Data er erstatta med prognosetal.

Vêr og hydrologi

I veke 32 var temperaturen 1–3 grader under normalen i heile Noreg. I veke 33 er det venta temperaturar 1–2 grader over normalen på Sør- og Austlandet, og temperaturar 1–2 grader under normalen i resten av landet.

For veke 32 er det utrekna eit tilsig på 3,1 TWh, som er om lag på gjennomsnittet for veka. For veke 33 er det venta eit tilsig på 3,3 TWh, som er om lag 108 prosent av gjennomsnittet for veka.

For fleire detaljar om snø, vêr og vatn sjå: www.senorge.no/map

Magasinfylfilling


Tabell 1 Magasinfylfilling. Kjelde: NVE og Nord Pool

	Veke 32 2026	Veke 31 2026	Veke 32 2025	Median veke 32	Endring frå sist veke	Differanse frå same veke i 2025	Differanse frå median
Noreg	64,1	62,8	75,6	77,6	1,3	-11,5	-13,5
Søraust-Noreg, NO1	71,6	70,5	74,4	86,7	1,1	-2,8	-15,1
Sørvest-Noreg, NO2	48,4	48,1	59,4	76,4	0,3	-11,0	-28,0
Midt-Noreg, NO3	59,8	57,9	91,8	81,1	1,9	-32,0	-21,3
Nord-Noreg, NO4	90,4	89,8	93,5	78,0	0,6	-3,1	12,4
Vest-Noreg, NO5	63,5	59,9	79,3	78,9	3,6	-15,8	-15,4
Sverige**		69,5	83,7	75,2			


*Referanseperioden for medianen er 2006-2025 for Noreg og dei fem norske prisområda.

** Ikkje tilgjengeleg på publiseringstidspunktet

Figur 1 Fyllingsgraden til vassmagasina i Noreg. Kjelde: NVE




Figur 2 Fyllingsgraden til vassmagasina i Sverige. Kjelde: Energiföretagen Sverige*



*Fyllingsgraden i Sverige for veke 32 var ikkje tilgjengeleg på publiseringstidspunktet


Figur 3 Fyllingsgraden til vassmagasina i prisområda i Noreg. Kjelde: NVE




Tilsig og nedbørstilhøve

Figurar for tilsig og nedbørstilhøve viser utviklinga samla for Noreg. For detaljert informasjon for prisområda sjå <https://www.nve.no/energi/analyser-og-statistikk/hydrologiske-data-til-kraftsituasjonsrapporten/>


Figur 4 Nedbør i år og i fjor i Noreg, GWh. Kjelde: NVE¹




Figur 5 Nyttbart tilsig i år og i fjor i Noreg, GWh. Kjelde: NVE¹



Figur 6 Hydrologisk balanse i Noreg for siste tolv måneder, TWh. Kjelde: NVE¹



Figur 7 Utviklinga av snømagasin i år og i fjor, TWh. Kjelde: NVE¹



Tabell 2 Nedbør for førre veke og forventa nedbør i inneverande veke . Gjennomsnitt for perioden 2006-2025. Kjelde: NVE¹

	Veke 32 2026, TWh	Prosent av gjennomsnitt	Prognose, veke 33 2026, TWh	Prosent av gjennomsnitt
Noreg	4,4	210	1,4	68
Søraust-Noreg, NO1	0,5	133	0,0	2
Sørvest-Noreg, NO2	1,1	178	0,0	6
Midt-Noreg, NO3	0,7	199	0,6	180
Nord-Noreg, NO4	0,4	179	0,5	177
Vest-Noreg, NO5	1,6	332	0,3	53

Tabell 3 Nyttbart tilsig for førre veke og forventa nyttbart tilsig i inneverande veke. Gjennomsnitt for perioden 2006-2025. Kjelde: NVE¹

	Veke 32 2026, TWh	Prosent av gjennomsnitt	Prognose, veke 33 2026, TWh	Prosent av gjennomsnitt
Noreg	3,1	98	3,3	108
Søraust-Noreg, NO1	0,2	60	0,2	51
Sørvest-Noreg, NO2	0,7	92	0,7	95
Midt-Noreg, NO3	0,5	78	0,7	127
Nord-Noreg, NO4	0,6	98	0,7	117
Vest-Noreg, NO5	1,1	136	1,0	128

Tabell 4 Utviklinga i tilsig og nedbør så langt i år. Gjennomsnitt for perioden 2006-2025. Kjelde: NVE¹

	Nedbør, TWh		Tilsig, TWh	
	Veke 1-32 2026	Differanse frå gjennomsnitt	Veke 1-32 2026	Differanse frå gjennomsnitt
Noreg	56,5	-13,9	73,7	-17,5
Søraust-Noreg, NO1	6,4	-1,7	9,9	-0,7
Sørvest-Noreg, NO2	15,5	-6,1	22,8	-4,6
Midt-Noreg, NO3	8,6	-3,9	9,0	-7,1
Nord-Noreg, NO4	12,0	-0,5	15,1	-1,1
Vest-Noreg, NO5	14,2	-1,5	16,8	-4,1

For fleire detaljar når det gjeld vassføring i Noreg sjå: <https://sildre.nve.no/>

Tabell 5 Hydrologisk balanse for Noreg for førre veke, TWh. Kjelde: NVE¹

	Hydrologisk balanse	Avvik magasin	Avvik i snø, grunn- og markvann	Hydrologisk balanse, endring frå sist veke
Noreg	-12,4	-11,2	-1,2	2,1
Søraust-Noreg, NO1	-1,2	-0,8	-0,3	0,2
Sørvest-Noreg, NO2	-9,3	-8,8	-0,6	0,4
Midt-Noreg, NO3	-2,4	-1,9	-0,5	0,4
Nord-Noreg, NO4	3,1	2,9	0,3	0,0
Vest-Noreg, NO5	-2,5	-2,4	0,0	1,0

¹ For fleire detaljar sjå <https://www.nve.no/energi/analyser-og-statistikk/hydrologiske-data-til-kraftsituasjonsrapporten/>

Figur 8 Temperaturar i Noreg per dag, gjennomsnitt og normal for veka. Kjelde: Meteorologisk institutt og Montel - SysPower



Produksjon, forbruk og utveksling

Tabell 6 Nordisk produksjon, forbruk* og kraftutveksling. Alle tal i GWh. Kjelde: ENTSO-E

	Veke 32	Veke 31	Endring frå førre veke (GWh)	Endring frå førre veke (%)
<i>Produksjon</i>				
Noreg	2 268	2 258	11	0 %
NO1	193	199	-6	-3 %
NO2	641	673	-32	-5 %
NO3	379	368	10	3 %
NO4	550	537	14	3 %
NO5	505	480	25	5 %
Sverige	2 362	2 295	67	3 %
SE1	352	297	55	18 %
SE2	710	620	90	14 %
SE3	1 153	1 219	-66	-5 %
SE4	147	158	-11	-7 %
Danmark	703	688	15	2 %
Jylland	524	492	32	7 %
Sjælland	179	196	-18	-9 %
Finland	1 497	1 401	96	7 %
Norden	6 831	6 641	189	3 %

Forbruk

Noreg	2 146	2 072	74	4 %
NO1	449	422	27	6 %
NO2	615	595	20	3 %
NO3	455	444	11	2 %
NO4	335	325	11	3 %
NO5	292	286	5	2 %
Sverige	1 959	1 812	147	8 %
SE1	174	171	3	2 %
SE2	232	208	24	12 %
SE3	1 233	1 137	97	8 %
SE4	319	296	23	8 %
Danmark	628	650	-22	-3 %
Jylland	374	392	-18	-5 %
Sjælland	254	257	-4	-1 %
Finland	1 485	1 424	60	4 %
Norden	6 217	5 958	260	4 %


Nettoeksport

Noreg	123	186	-63	
Sverige	403	483	-80	
Danmark	75	38	37	
Finland	12	-24	36	
Norden	613	683	-70	


***Ikkje temperaturkorrigerte tal.**

Vind- og kjernekraftproduksjon


Figur 9 Kjernekraftproduksjon i Sverige og Finland dei to siste vekene. Kjelde: ENTSO-E (Førebels statistikk).



Figur 10 Vindkraftproduksjon i Noreg, Danmark, Finland og Sverige dei siste to vekene og vindkraftproduksjon per veke for Noreg, Danmark, Finland og Sverige i år og førre år. (Førebels statistikk). ENTSO-E



Figur 11 Vindkraftproduksjon i Norden, Tyskland og Storbritannia dei siste to vekene og vindkraftproduksjon per veke for Norden, Tyskland og Storbritannia i år og førre år. (Førebels statistikk). Kjelde: ENTSO-E



Utviklinga i kraftproduksjon og forbruk


Tabell 7 Produksjon, forbruk og utveksling for Noreg, Norden, Sørlege-Noreg (NO1, NO2, NO5) og Midt- og Nord-Noreg (NO3, NO4) langt i år. Kjelde: ENTSO-E (Førebels statistikk)

	Til no i år	Same periode (2025)	Endring (%)	Endring (TWh)
Sørlege-Noreg				
Produksjon	59,8	65,0	-8,1	-5,3
Forbruk	57,0	54,0	5,6	3,0
Nettoeksport	2,7	11,0		-8,3
Midt- og Nord-Noreg				
Produksjon	31,2	33,2	-6,1	-2,0
Forbruk	30,3	29,9	1,6	0,5
Nettoeksport	0,9	3,4		-2,5
Noreg				
Produksjon	91,0	98,2	-8,0	-7,3
Forbruk	87,4	83,8	4,0	3,5
Nettoeksport	3,6	14,4		-10,8
Norden				
Produksjon	260,8	264,4	-1,4	-3,6
Forbruk	248,4	238,4	4,0	10,0
Nettoeksport	12,4	26,0		-13,6

* Nettoeksport er produksjon minus forbruk. Nettoeksporten for sørlege Noreg og Midt- og Nord-Noreg inkluderer difor kraftflyten mellom Midt-Noreg og sørlege Noreg.


Utvexling

Figur 12 Nettoutveksling pr. veke for Noreg, Norden, Sørlege-Noreg (NO1, NO2, NO5) og Midt- og Nord-Noreg (NO3, NO4) i år og historisk utfallsrom. GWh. Kjelde: ENTSO-E



Marknad: Nettoeksport er produksjon minus forbruk. Nettoeksporten for sørlege Noreg og Midt- og Nord-Noreg inkluderer difor kraftflyten mellom Midt-Noreg og sørlege Noreg.

Figur 13 Import og eksport i dei norske prisområda førre veke. Alle tal i GWh. Kjelde: ENTSO-E.



* Tal for veka før står i parentes.


Kraftprisar

Engrosmarknaden

Tabell 8 Kraftprisar – nordiske elspotområde*. Vekesnitt. Kjelde: EPEX SPOT

kr/MWh	Veke 32	Veke 31 (2026)	Veke 32 (2025)	Endring frå førre veke (%)	Endring frå i fjor (%)
NO1	1177,0	1157,5	248,8	1,7	373,1
NO2	1254,3	1241,9	570,2	1,0	120,0
NO3	779,9	785,8	33,0	-0,7	2263,7
NO4	55,4	73,7	15,7	-24,8	252,7
NO5	1136,5	1203,9	58,0	-5,6	1860,0
SE1	135,6	152,9	29,0	-11,3	367,4
SE2	146,3	161,8	30,2	-9,6	384,2
SE3	261,2	245,0	152,5	6,6	71,3
SE4	343,3	310,8	275,1	10,4	24,8
Finland	144,2	160,7	179,4	-10,3	-19,7
Jylland	1219,2	1263,3	553,5	-3,5	120,3
Sjælland	1241,0	1265,2	605,8	-1,9	104,8
Nederland	1229,9	1271,9	692,4	-3,3	77,6
Tyskland	1261,1	1278,5	710,4	-1,4	77,5
Polen	1519,5	1350,8	972,2	12,5	56,3
Storbritannia	1380,7	1570,8	700,7	-12,1	97,1
Frankrike	1183,4	1145,6	488,1	3,3	142,5
Belgia	1250,3	1281,4	613,8	-2,4	103,7

Figur 15 Gjennomsnittleg vekespris for prisområda Noreg i år. Kjelde: EPEX SPOT



Figur 16 Spotprisar i Norden, Nederland, Tyskland og Storbritannia i førre veke. Kjelde: EPEX SPOT




Terminmarknaden


Tabell 9 Terminprisar, nordisk og tysk kraft, samt CO₂-kvotar. Kjelder: Montel - SysPower. Prisane i tabellen er sluttprisar fredag i den aktuelle veka.

Terminprisar (kr/MWh)		Veke 32	Veke 31	Endring (%)
ENX (nordisk kraft)	September	819,3	911,7	-10,1
	Oktober	899,1	939,2	-4,3
	4. kvartal 2026	1000,8	1034,7	-3,3
	1. kvartal 2027	1055,8	1050,6	0,5
EEX (tysk kraft)	4. kvartal 2026	1495,2	1531,9	-2,4
	1. kvartal 2027	1406,4	1419,8	-0,9
CO ₂ (kr/tonn)	Desember 2026	916,0	892,6	2,6
	Desember 2027	947,8	924,7	2,5

Figur 17 Daglege sluttprisar for enkelte typar kontraktar i den finansielle kraftmarknaden siste tolv månader, kr/MWh. Kjelde: Montel - SysPower



Figur 18 Daglege sluttprisar for utsleppskvotar på CO₂, kr/tonn. Kjelde: Montel - SysPower



Sluttbrukarprisar

Sluttbrukarprisar kan no finnast på NVE sin nettstad: [Sluttbrukerpriser og strømkostnader - NVE](#)

Tilstanden til kraftsystemet²

Det er vedlikehaldsarbeid på leidningsnett og ved kraftstasjonar fleire stader i Norden. For meir informasjon om leidningar og kraftverk viser vi til heimesidene til Nord Pool.

Produksjon

Type	Område	Publisert av	Eining	Dato frå	Dato til	Varigheit	Installert (MW)	Utilgjengeleg (MW)	Link til UMM
Unplanned	DK1	Nordjyllandsværket A/S	Nordjyllandsværket B3	2026-06-12	2027-02-28	261 dagar	412	162-412	Link 31
Planned	DK1	Fjernvarme Fyn Produktion A/S	Fynsværket B7	2026-05-01	2026-11-09	192 dagar	409	409	Link 48
Planned	DK1	Nordjyllandsværket A/S	Nordjyllandsværket B3	2026-05-13	2026-08-30	109 dagar	412	412	Link 50
Planned	DK2	HOFOR Energiproduktion A/S	Amagerværket Blok 4	2026-05-27	2026-09-20	116 dagar	150	149-150	Link 51
Planned	DK2	Ørsted Bioenergy & Thermal Power A/S	Avedøreværket AVV1	2026-07-29	2026-09-09	42 dagar	254	254	Link 61
Planned	FI	EPV Tase Oy	Lestijärven tuulipuisto	2026-06-29	2026-08-14	46 dagar	455	159-455	Link 5
Planned	FI	Fortum Power and Heat Oy	Loviisa Block 2	2026-08-01	2026-09-21	50 dagar	507	254-507	Link 12
Unplanned	FI	PD Power Oy	Olkiluoto 3 B3	2026-07-17	2026-08-18	31 dagar	1600	301	Link 14
Planned	FI	Helen Oy	Vuosaari B VuB4	2026-07-30	2026-08-30	31 dagar	160	160	Link 17
Planned	FI	Helen Oy	Vuosaari B VuB6	2026-07-22	2026-08-30	39 dagar	160	80-160	Link 18
Planned	FI	Helen Oy	Vuosaari B VuB5	2026-07-22	2026-08-30	39 dagar	160	160	Link 22
Planned	FI	PD Power Oy	Olkiluoto 3 B3	2025-04-29	2026-09-10	498 dagar	1600	30-240	Link 26
Planned	FI	PD Power Oy	Olkiluoto 2 B2	2026-07-07	2027-04-18	285 dagar	890	155	Link 30
Planned	FI	Fortum Power and Heat Oy	Suomenoja Suomenoja 2 GT	2026-06-17	2026-08-31	75 dagar	170	170	Link 36
Planned	FI	EPV Tase Oy	Seinäjoki B1	2026-06-20	2026-09-01	73 dagar	120	120	Link 49
Planned	FI	Fortum Power and Heat Oy	Naantali Na4CHP	2026-05-31	2026-08-27	88 dagar	145	145	Link 58
Unplanned	NO2	Lyse Produksjon AS	Lysebotn 2 G1	2026-07-16	2026-08-14	28 dagar	185	185	Link 23
Planned	NO2	Sira Kvina Kraftselskap	Tonstad G5	2026-07-29	2026-08-25	27 dagar	320	320	Link 41
Planned	NO2	Sira Kvina Kraftselskap	Tonstad G4	2026-07-29	2026-08-25	27 dagar	160	160	Link 42
Planned	NO2	Sira Kvina Kraftselskap	Tonstad G2	2026-07-29	2026-08-25	27 dagar	160	160	Link 43

² Kjelde: [Nord Pool - UMM Platform](#) ("Urgent Market Messages (UMM)")

Planned	NO2	Sira Kvina Kraftselskap	Tonstad G3	2026-07-29	2026-08-25	27 dagar	160	160	Link 44
Planned	NO2	Å ENERGI VANNKRAFT AS	Holen G3	2026-04-07	2026-08-28	143 dagar	165	165	Link 53
Unplanned	NO2	Sira Kvina Kraftselskap	Tonstad G1	2025-04-05	2027-09-01	879 dagar	160	160	Link 64
Planned	NO4	Statkraft Energi AS	Rana G4	2026-05-04	2026-11-16	196 dagar	120	120	Link 9
Planned	NO4	Statkraft Energi AS	Kobbelv G2	2025-12-19	2027-03-31	466 dagar	150	150	Link 15
Planned	NO5	Statkraft Energi AS	Sy-Sima	2026-08-04	2026-11-27	115 dagar	620	310-620	Link 38
Planned	NO5	Hafslund Kraft AS	Aurland 1 G2	2026-04-07	2026-12-04	241 dagar	280	280	Link 32
Unplanned	NO5	Statkraft Energi AS	Sy-Sima G2	2026-06-06	2026-08-04	59 dagar	310	310	Link 39
Planned	SE1	Vattenfall AB	Harsprånget G4	2026-08-03	2026-08-10	7 dagar	170	170	Link 24
Unplanned	SE1	Vattenfall AB	Vietas G1	2026-07-21	2026-08-19	29 dagar	160	160	Link 66
Planned	SE3	Ringhals AB	Ringhals block 3	2026-05-04	2026-10-31	180 dagar	1081	1081	Link 29
Planned	SE3	Stockholm Exergi AB	Värtan KVV8	2026-05-22	2026-08-21	91 dagar	130	130	Link 19
Unplanned	SE3	Ringhals AB	Ringhals block 4 G41	2026-05-23	2026-09-02	101 dagar	565	565	Link 28
Unplanned	SE3	Ringhals AB	Ringhals block 4 G42	2026-06-30	2026-09-02	63 dagar	567	567	Link 35
Planned	SE3	Stockholm Exergi AB	Värtan KVV1	2026-07-13	2026-08-12	30 dagar	190	190	Link 65

Overføring

Type	Publisert av	Eining	Dato frå	Dato til	Varigheit	Installert (MW)	Utilgjengeleg (MW)	Link til UMM
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → DK2	2024-03-25	2028-12-31	1741 dagar	1000	25-625	Link 62
Unplanned	Baltic Cable AB	DE-LU → SE4	2026-06-22	2026-08-31	70 dagar	600	600	Link 40
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DK1 → GB	2026-01-01	2027-01-01	365 dagar	1456	0-1456	Link 46
Unplanned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DK1 → GB	2026-01-01	2027-01-01	365 dagar	1456	0-1456	Link 55
Unplanned	Statnett SF	DK1 → NO2	2026-06-02	2026-09-02	92 dagar	1632	245	Link 45
Planned	Svenska kraftnät	DK1 → SE3	2026-08-03	2026-08-12	9 dagar	715	315	Link 54
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DK2 → DE-LU	2024-03-25	2028-12-31	1741 dagar	985	361-946	Link 63
Planned	Energinet	DK2 → SE4	2026-07-29	2026-10-17	80 dagar	1700	1325	Link 16
Planned	Svenska kraftnät	FI → SE1	2026-08-03	2026-08-23	20 dagar	1900	400	Link 57
Planned	Svenska kraftnät	FI → SE3	2026-05-04	2026-10-31	181 dagar	1200	800-1000	Link 13

Unplanned	Svenska kraftnät	FI → SE3	2026-05-25	2026-09-01	99 dagar	1200	900	Link 37
Unplanned	Svenska kraftnät	FI → SE3	2026-07-02	2026-09-02	62 dagar	1200	1000	Link 34
Planned	Svenska kraftnät	FI → SE3	2026-08-05	2026-08-20	15 dagar	1200	800	Link 20
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	GB → DK1	2026-01-01	2027-01-01	365 dagar	1456	0-1456	Link 47
Unplanned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	GB → DK1	2026-01-01	2027-01-01	365 dagar	1456	0-1456	Link 56
Planned	Statnett SF	NL → NO2	2026-05-26	2026-08-28	93 dagar	723	723	Link 21
Planned	Svenska kraftnät	NO1 → SE3	2026-08-03	2026-11-08	97 dagar	2145	1695	Link 59
Unplanned	Statnett SF	NO2 → DK1	2026-06-02	2026-09-02	92 dagar	1632	245	Link 45
Planned	Statnett SF	NO2 → NL	2026-05-26	2026-08-28	93 dagar	723	723	Link 21
Planned	Statnett SF	NO3 → NO5	2026-07-16	2026-08-06	21 dagar	800	600	Link 4
Planned	Statnett SF	NO4 → NO3	2026-04-30	2026-10-31	184 dagar	1200	500	Link 33
Planned	Statnett SF	NO4 → NO3	2026-08-03	2026-08-07	4 dagar	1200	400	Link 3
Planned	Statnett SF	NO4 → SE1	2026-08-03	2026-08-07	4 dagar	1000	500	Link 3
Planned	Svenska kraftnät	NO4 → SE1	2026-08-03	2026-08-23	20 dagar	700	0	Link 57
Planned	Statnett SF	NO4 → SE2	2026-08-03	2026-08-07	4 dagar	250	150	Link 3
Planned	Statnett SF	NO5 → NO3	2026-07-16	2026-08-06	21 dagar	500	300	Link 4
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	PL → SE4	2026-08-04	2026-08-06	2 dagar	600	300-600	Link 67
Planned	Svenska kraftnät	SE1 → FI	2026-08-03	2026-08-23	20 dagar	1900	400	Link 57
Planned	Svenska kraftnät	SE1 → SE2	2026-08-03	2026-08-23	20 dagar	3300	300	Link 57
Planned	Statnett SF	SE2 → NO3	2026-08-03	2026-08-07	4 dagar	1000	300	Link 3
Planned	Statnett SF	SE2 → NO4	2026-08-03	2026-08-07	4 dagar	300	100	Link 3
Planned	Svenska kraftnät	SE2 → SE3	2026-05-04	2026-10-31	181 dagar	7700	2000	Link 13
Unplanned	Svenska kraftnät	SE2 → SE3	2026-05-25	2026-09-01	99 dagar	7600	2000	Link 37
Unplanned	Svenska kraftnät	SE2 → SE3	2026-07-02	2026-09-02	62 dagar	7600	2300	Link 34
Planned	Svenska kraftnät	SE2 → SE3	2026-08-03	2026-11-08	97 dagar	7300	1300	Link 59
Planned	Svenska kraftnät	SE2 → SE3	2026-08-05	2026-08-20	15 dagar	7700	1900	Link 20
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → DK1	2026-08-03	2026-11-08	97 dagar	715	515	Link 59
Planned	Statnett SF	SE3 → NO1	2026-04-30	2026-10-31	184 dagar	2095	595	Link 33

Planned	Svenska kraftnät	SE3 → SE3A	2026-05-04	2026-10-31	181 dagar	2810	2210	Link 13
Unplanned	Svenska kraftnät	SE3 → SE3A	2026-05-25	2026-09-01	99 dagar	2810	2310	Link 37
Unplanned	Svenska kraftnät	SE3 → SE3A	2026-07-02	2026-09-02	62 dagar	2810	2310	Link 34
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → SE3LS	2026-08-05	2026-08-20	15 dagar	2810	2260	Link 20
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → SE4	2026-05-04	2026-10-31	181 dagar	6200	2500	Link 13
Unplanned	Svenska kraftnät	SE3 → SE4	2026-05-25	2026-09-01	99 dagar	6200	2600	Link 37
Unplanned	Svenska kraftnät	SE3 → SE4	2026-07-02	2026-09-02	62 dagar	6200	2600	Link 34
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → SE4	2026-08-03	2026-08-12	9 dagar	6200	2400	Link 54
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → SE4	2026-08-03	2026-11-08	97 dagar	6200	2000	Link 59
Unplanned	Baltic Cable AB	SE4 → DE-LU	2026-06-22	2026-08-31	70 dagar	615	615	Link 40
Planned	Energinet	SE4 → DK2	2026-07-29	2026-10-17	80 dagar	1300	1300	Link 16
Planned	Svenska kraftnät	SE4 → DK2	2026-08-03	2026-08-12	9 dagar	1300	800	Link 54
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	SE4 → PL	2026-08-03	2026-08-06	2 dagar	600	400-600	Link 68
Planned	Svenska kraftnät	SE4 → PLC	2026-08-03	2026-08-12	9 dagar	600	300	Link 54

Forbruk

Type	Område	Publisert av	Eining	Dato frå	Dato til	Varigheit	Installert (MW)	Utlgjengeleg (MW)	Link til UMM
Unplanned	FI	Gasum Oyj	Tornio / TW	2026-08-06	2026-08-06	0 dagar	396	129	Link 2
Planned	FI	Gasum Oyj	Tornio / TW	2026-08-04	2026-08-04	0 dagar	396	134	Link 10
Planned	FI	Gasum Oyj	Tornio / TW	2026-08-05	2026-08-05	0 dagar	396	132	Link 11
Planned	FI	Helen Oy	HvSK	2026-08-03	2026-08-14	11 dagar	130	130	Link 60
Planned	NO2	Hydro Energi AS	Husnes Hall B	2026-08-07	2026-08-07	0 dagar	150	150	Link 8
Planned	NO3	Hydro Energi AS	Hydro Alu. Sunndal / SU 3	2026-08-06	2026-08-06	0 dagar	180	180	Link 6
Unplanned	NO3	Gassco AS	Nyhamna	2026-07-09	2026-10-01	83 dagar	250	105	Link 25
Planned	NO3	Hydro Energi AS	Hydro Alu. Sunndal / SU 3	2026-08-03	2026-08-03	0 dagar	180	180	Link 27
Unplanned	NO5	Hafslund Kraft AS	Aurland 3	2026-08-08	2026-08-08	0 dagar	120	120	Link 1
Unplanned	NO5	Hydro Energi AS	Hydro Alu. Årdal / Å 1	2026-08-05	2026-08-06	0 dagar	230	230	Link 7